

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE STAVANGER HF

Tysdag 3. oktober 2017 kl 08.15 blei det halde føretaksmøte i Helse Stavanger HF på Clarion Sola Air Hotel.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Tilleggsdokument til styringsdokument 2017
4. Sal av eiegen Solåsveien 5 a-c i Stavanger

Frå Helse Vest RHF møte: Terje Vareberg, styreleiar

Frå styret møte: Stener Kvinnsland, styreleiar
Egil Olsen, styremedlem

Frå administrasjonen møte: administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerande direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, eigardirektør Helse Vest RHF

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Terje Vareberg, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Stener Kvinnsland og Terje Vareberg blei valt til å underskrive protokollen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3 Tilleggsdokument til styringsdokument 2017

Styringsdokument for 2017 blei vedteke i føretaksmøte den 8. mars 2017. Som følgje av mellom anna Stortingets behandling av Prop. 129 S (2016-2017), jf. Innst. 401 S (2016-2017), sender Helse Vest RHF ut eit tilleggsdokument til styringsdokumentet for 2017.

Tilleggsdokumentet inneheld krav knytt til alle dei tre hovudmåla i oppdragsdokumentet for 2017:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet vedtek tilleggsdokument til styringsdokumentet for 2017.

Sak 4 Sal av eigedomen Solåsveien 5 a-c i Stavanger

Styret i Helse Stavanger fatta i sak 29/17 22.mars 2017 vedtak om sal av eigedomen Solåsveien 5 a-c. Det blei gjort følgjande vedtak:

1. *Styret gir sin tilslutning til salg av boligeiendommen Solåsveien 5 a-c i Stavanger.*
2. *Styret godkjenner prosessen med henblikk på salg kan startes med forbehold om endelig godkjenning i foretaksmøtet.*
3. *Saken oversendes Helse Vest RHF for videre behandling.*

Saka blei oversendt Helse Vest RHF for vidare behandling, og styret i Helse Vest RHF gikk i møte 11. mai 2017 inn for sal av egedomen (sak 051/2017). Det blei gjort følgjande vedtak i saka:


1. *Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av bustadeigedomen Solåsveien 5 a-c, gnr. 21 bnr. 945 i Stavanger kommune.*
2. *Styret føreset at egedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.*
3. *Styret i Helse Vest RHF oversender spørsmålet om sal til føretaksmøtet for Helse Vest RHF med førespurnad om samtykke til sal, jf. helseføretakslova § 31.*
4. *Under føresetnad av at eigar på føretaksmøte i Helse Vest RHF gir sitt samtykke til sal, vert det gjennomført føretaksmøte i Helse Stavanger HF, for formelt å vedta salet.*


Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast egedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av egedomar med verdi over 10 millionar kroner er det naudsynt å leggje saka fram for departementet. Saka blei oversendt Helse- og omsorgsdepartementet for behandling i føretaksmøte i Helse Vest RHF. Det blei halde føretaksmøte i Helse Vest RHF 28. juni 2017 og gjort følgjande vedtak i saka:

1. *Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 051/2017 med tilhøyrande vedtak i styret i Helse Vest RHF, sal av egedomen Solåsveien 5 a-c, gnr. 21, bnr. 945 i Stavanger kommune.*
2. *Føretaksmøtet legg til grunn at frigjorte midlar ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdiar.*
3. *Føretaksmøtet presiserer at ved vurderinga av resultatoppnåing i Helse Vest RHF vil ein sjå hen til eingongseffektar som gevinst eller tap frå sal av egedom.*
4. *Føretaksmøtet legg til grunn at salet vil inngå i departementet sine samla vurderingar av Helse Vest RHF sitt framtidige behov for langsiktige lån.*

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet gir sin tilslutning til sal av bustadeigedomen Solåsveien 5 a-c, gnr. 21 bnr. 945 i Stavanger kommune i tråd med føringar vedtatt i føretaksmøtet til Helse Vest RHF 28. juni 2017.

_____, den _____

Stener Kvinnsland

Stavanger, den 3/10-17
_____, den _____

Terje Væreberg